



Arne Sæbø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3165 - 15/1783

Saksbehandlar:

Olaf Michal Hella

Olaf.Hella@lindas.kommune.no

Dato:

27.01.2015

Referat frå møte i samarbeidutvalet og skulemiljøutvalet 26. 1.2015

Til stades: Leif Sleire, Arne Sæbø, Katrine Tvedt, Elisabeth Valle, Christian Iversen og Olaf Hella

Sak 09/14-15 Elevundersøkinga 2014 – resultat er vedlagt innkalling

SU såg på resultatet for elevundersøkinga for skuleåret 2014/2015. Rektor påpeikte at det var lågare score innan feltet **vurdering og læring**. Dette er noko som skulen har arbeidd med på ein halv planleggingsdag og må arbeidast vidare med. Rektor ser på dette saman med lærarane og sett i verk tiltak.

Elevane har samtale med lærar i løpet av året. Foreldresamtalen saman med elevane vert vidare viktig. Foreldra ønskjer at ein skal sende heim prøvar til underskrift.

Sak 10/14-15 Nasjonale prøvar/resultat grunnskulepoeng 2014 – sjå vedlegg.

Rektor gjekk gjennom resultatata for skulen både på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Skulen har gode resultat på grunnskulepoeng. På nasjonale prøvar er det god framgang for elevane som går i 9. trinn. Resultata på 8. trinn burde vore betre.

Det var diskusjon omkring korleis vi kan auka resultatata i matematikk og lesing som er viktige fag. Skulen ser på tiltak.

Sak 11/14-15 Økonomi – Status for tildeling skuleåret 15/16

Tildeling til skulen er som i år. Det vert ein klasse mindre.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



SAK 12/14/15 Evaluering av skuledagen, start- , slutt- og pausetid.

Lærarane og elevane har evaluert. Lærarane er nøgd med ordninga. Ein ønskjer å flytte langfriminuttet etter 3. time.

Elevrådet evaluerer og FAU skal ta opp saka.

SU går inn for å fortsetje med dei nemnde endringane.

SAK 13/14/15 Eventuelt

Skulemiljøutvalet tok opp elevmiljøet. Ein ønskjer at det vert sett i verk eit arrangement der elevane kan verte betre kjend på tvers av klassar i starten av skuleåret. FAU vert arrangør. Målet er at elevane vert trygge og betre kjend. FAU ser på korleis dette kan arrangerast.

Referat frå møte i Skulemiljøutvalet:

Til stades: Arne Sæbø, Katrine Tvedt, Elisabeth Valle, Christian Iversen og Olaf Hella

Sak 04/14-15 Status tiltak elevmiljøet

Det er ønskjeleg at FAU engasjerer seg for å auke storleiken på uteområdet. Dersom ein kan setje i gang med å få utvide skuleområdet og legge til rette for meir aktivitet ute.

Plan som Norconsult utarbeidde i 2008 vart sendt til leiar i FAU.

Ein opplever at det er betring i elevmiljøet. Elevane kjenner ikkje til episodar mellom elevane og det ser ut som at tiltaka verkar. Ein må likevel arbeide for eit best mogeleg miljø.

Merknadar elevane får må opplysast om til eleven når eleven får den. Dette gjev best mogeleg effekt.

Sak 05/14-15 Eventuelt

Rektor sender purring på skriv om inneklima som SMU sende i oktober.

Referent

Olaf Michal Hella
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ståle Juvik Hauge

Øystein Aamli

Lillian Sjørdal Knarvik

Hanne Siri Hellan

Mottakarar:

Arne Sæbø

Christian Andre Iversen

Elisabeth Valle

Katrine Tvedt

Leif Hosøy Sleire

Marie Pollen Nygård

Mona Vabø

Sissel Nordland